

Kulturplan 2023-2031



Innhald

1. Innleiing	2
2. Målsetting	3
3. Saman om sunne, trygge og levande lokalsamfunn	4
4. Barn og unge	5
5. Frivilligheita	6
6. Frivilligsentralane	7
7. Kulturskulen.....	8
8. Biblioteket	9
9. Kultur – næring.....	10
10. Integrering og mangfald	11
11. Seniorar	12
12. Kulturbygg og anlegg	13
13. Valdalsleia og Valldal 2029	13
14. Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.....	14
14.1 Målsetting.....	14
14.2 Økonomi	14
14.3 Aktivitet	15
14.4 Handlingsprogram for 2021-2025	15
15. Handlingsplan kulturplan 2023-2031	17
16. Vedlegg	18
17. Kjelder	18

1. Innleiing

«Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.» [Kulturlova §1 \(2007\)](#)

Kulturen sin eigenverdi er sær viktig. Kunst og kultur utfordrar, stimulerer, underheld og utviklar menneske gjennom heile livet. Kulturopplevingar og involvering i kulturaktivitetar får ei stadig meir sentral rolle i samfunnet, og kultur blir sett på som ein viktig faktor for kommunar og regionar når det gjeld vekst og utvikling. Forsking viser også at deltaking i kulturelle aktivitetar og konsum av kulturelle opplevingar gir betre helse.

Det frivillige utgjer ein viktig del av grunnmuren i det lokale kulturlivet. Det gode livet i Fjord vert skapt i samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane. Frivilligheita tilfører kommunen store verdiar i form av både trivsel, mangfald og integrering og god helse.

Kulturplanen for Fjord kommune skal vere eit strategisk verktøy som skal vere med og styre utviklinga og prioriteringa av kulturlivet dei komande åra. Kulturplanen er ein temaplan som baserer seg på samfunnsdelen.

Mange kulturutfordringar og mål er samansette og kan ikkje løysast av berre ein instans. Alle gode krefter – det offentlege, dei frivillige, dei profesjonelle og næringslivet – må arbeide saman mot eit felles mål om å tilby aktivitet og opplevingar for alle.

I kommunen har vi god samhandling på tvers av dei ulike einingane. Vi samarbeider mellom anna om kulturaktivitetar på institusjonane, biblioteket og frivilligsentralane. Skule, barnehage og kulturskule besøker institusjonane til glede for alle partar. Kommunale kulturbygg blir nytta til arrangement i kommunal regi. Det er ei klar prioritering å halde fram med den gode samhandlinga mellom einingane i framtida.

Planen har tatt utgangspunkt i Kulturplan Norddal 2016-2020.

Planen kan rullerast ved behov.

Arbeidet med plandokumentet har vore organisert gjennom kulturteamet som arbeidsgruppe. Dei frivillige organisasjonane er viktige samarbeidspartar i den vidare prosessen.

Arbeidsgruppa har bestått av:

Kristi Linge Stakkestad (Frivilligsentral/folkehelse)
Bjørge Jacobsen (Frivilligsentral/barn og unge/kultur)
Liv Marit Indreeide (Martin Linge-huset)
Thea Marie Ytterdal (Kulturskulen)
Hallgeir Hove (Stordalshallen/kulturkonsulent)
Bjørge Moltu (Biblioteket)
Berit Hjertø (Biblioteket)
Sverre Bjørn-Nielsen (Biblioteket)
Charles Tøsse (Kommunalsjef oppvekst, kultur og næring)

2. Målsetting

Kulturplanen bygg hovudsakleg på eit av hovudmåla i kommuneplanen sin samfunnsdel, *Vidareutvikle det gode livet:*

Fjord kommune ønskjer å vere eit sosialt, berekraftig samfunn som er prega av tillit. Her skal du vere trygg og kjenne at du høyrer til, og ha tilgang til gode som arbeid, utdanning og gode nærmiljø. Folkehelsearbeidet er eit viktig element i dette arbeidet.

Her skal vere godt å bu og leve. God helse og utjamning av sosial ulikskap er nøkkelfaktorar. Vi skal arbeide for å hindre utanforskap, og skape fellesskap. Vi skal vidareutvikle særprega våre, og synleggjere kva som gjer Fjord til ein interessant kommune for ulike grupper.

Barn og unge skal sjå tilbake på oppveksten sin med glede. Godt skuletilbod gir eit godt grunnlag for vidare læring og for vaksenlivet. Kultur- og fritidstilbod bør vere variert slik at fleire kan finne sin plass.

Vi skal legge vekt på å bygge opne og tolerante miljø, slik at ein kjenner seg inkludert uavhengig av bakgrunn. I særleg grad skal vi ta oss av dei mest sårbare.

I Fjord kommune skal vi snakke godt om kvarandre. Nytilflyttarar skal bli ønskt varmt velkomne, og bli inkludert i samfunnet. Samstundes ønskjer vi å halde kontakt med studentar, utflytta ungdom og fritidsinnbyggjarar.

Frivilligheita er ein viktig ressurs og bidragsytar i arbeidet med å skape det gode lokalsamfunnet. Kommunen skal vidareutvikle det gode livet saman med frivilligheita, og vere ein god støttespelar slik at frivilligheita kan nå sine mål.

I Fjord kommune skal det vere tilgang til ulike bustadar for alle livsfasar. Vi skal særleg legge vekt på at eldre skal kunne bu heime så lenge dei kan – og at yngre menneske skal finne eigna bustad.

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motarbeide ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Vi må arbeide saman for å oppnå ei berekraftig og heilskapleg utvikling av kommunen. Berekraftsmål 3 og 17 er gjennomgåande i alle Fjord sine hovudmål i kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2033.



3. Saman om sunne, trygge og levande lokalsamfunn



Folkehelsearbeid er ei lovpålagt oppgåve for kommunane etter [folkehelselova](#).

Alle kommunale einingar skal fremme folkehelse innanfor sine oppgåver og verkemiddel, gjennom lokal utvikling, planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Folkehelsearbeid handlar om å skape gode miljø som fremmar helse, trivsel og livskvalitet. Det handlar om å ha ein heim du trivst i, høve til utdanning og ein jobb å gå til. Det handlar om å kjenne at du høyrer til, har eit sosialt nettverk og er rusta til å meistre opp- og nedturar i livet. Oppvekstvilkår, utdanning, inntekt, bustad, arbeid, arbeidsmiljø og sosial støtte har difor tyding for innbyggjarane si helse generelt og for ulikskap i helse.

Kommunen skal ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. [Folkehelseoversikta for Fjord kommune](#) vart utarbeidd i 2019 og skal reviderast kvart fjerde år. Helseoversikta er eit grunnlagsdokument for den kommunale planstrategien.

Fjord kommune har samarbeidsavtale om folkehelsearbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune.



Utsikt frå stovehuset på Ytste Skotet. Foto: Kristi Linge Stakkestad

4. Barn og unge



I Fjord kommune er det mange ulike fritidsaktivitetar å velje mellom. Dei fleste er i regi av frivillige lag og organisasjonar, men det er også fleire tilbod i regi av kommersielle aktørar.

Kommunen har samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om UNG Kunst og kultur, Den kulturelle skulesekken (DKS), Ung kultur møtast (UKM).

Gjennom å vere ein [MOT-kommune](#) vert ungdom bevisstgjort på desse verdiane

- MOT til å leve
- MOT til å bry seg
- MOT til å seie nei

Vi har ungdomsklubbar i Eidsdal, Stordal og Valldal. Dei er drifta på ulike måtar, der kommunen sørger for lokale/husleige. Det vil i 2023 bli sett i gang arbeid for å få meir lik organisering av desse.

Fjord ungdomsråd skal vere eit talerør for ungdom og vere med på å auke engasjementet i ungdomsgruppa og skal bidra til gode oppvekstvilkår og påverke i saker som vedkjem ungdom. Ungdomsråd er eit lovpålagt høyringsorgan til liks med eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

[Fritidserklæringen](#) seier mellom anna at alle barn og ungdom skal ha moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar og til å delta i leik og gjennom dette oppleve inkludering, fellesskap og meistring.

Barn og unge	
Slik vil vi ha det	<ul style="list-style-type: none">• Oppvekstvilkår som gir trygge, glade og robuste barn og unge• Barn og unge som trivst og ønsker å busette seg i kommunen• Variert fritidstilbod• Gode skysstilbod til aktivitetar
Kva gjer vi i lag	<ul style="list-style-type: none">• Skaper møteplassar og felles opplevingar• Supersommar• Lagar eit allsidig fritidstilbod
Kva gjer kommunen (organisasjonen)	<ul style="list-style-type: none">• Tilbyr gratis lokale til lag og organisasjonar• Legg til rette for møteplassar som til dømes ungdomsklubb, bibliotek og idrettshallar• Har samarbeidsavtale med fylket om UNG kunst og kultur, UKM og DKS• Er ein MOT-kommune• Arbeider tverrfagleg gjennom førebyggjande forum for barn og unge• Tilbyr gratis utlån frå utstyrsbase for friluftaktivitetar

5. Frivilligheita



Frivillig arbeid er ein stor ressurs som fremmar deltaking og trivsel.

Det er også ein viktig bidragsytar i arbeidet med å skape det gode lokalsamfunnet. Kommunen skal vidareutvikle det gode livet saman med frivilligheita, og samstundes vere ein god støttespelar slik at frivilligheita kan nå måla sine.

I alle dei sju bygdene i Fjord kommune er det eit rikt og mangfaldig kulturliv med 85 registrerte frivillige organisasjonar (2023), jf. [Frivillighetsregisteret](#).

Dei frivillige står for ei betydeleg verdiskaping i lokalsamfunnet, både sett opp mot økonomi og samhald, identitet og fellesskap.

Kommunen gir økonomiske bidrag til det frivillige organisasjonslivet og tilbyr lån av øvingslokale. Alle lag og organisasjonar får bruke kommunale bygg gratis til treningar og møte, med unntak av inntektsbringande aktivitet. Dette er også eit viktig kommunalt bidrag til det frivillige arbeidet.

Frivillig arbeid er arbeid der ein ikkje er i eit ordinært tilsettingstilhøve og ikkje mottar ordinær lønn. Frivillig arbeid er til beste for andre, både i og utanfor medlemsbaserte organisasjonar.

I Norge blir det i følge [Statistisk sentralbyrå](#) lagt ned

frivillig innsats verdt 78 milliardar kroner kvart år. Halvparten av dette er innan kultur og fritid.

Frivilligheita	
Slik vil vi ha det	<ul style="list-style-type: none">• Gode rammevilkår for frivilligheita• Ein aktiv frivilligpolitikk som verdset den viktige innsatsen på mange samfunnsområde• Kreativ samhandling mellom frivilligheita og kommunen• Alle innbyggjarar opplever fellesskap og verdiskaping gjennom aktiv deltaking i frivillig arbeid• Alle bidreg for å skape eit godt lokalsamfunn
Kva gjer vi i lag	<ul style="list-style-type: none">• Samhandlingsmøte og samarbeid på tvers• Rekrutterer til frivillig arbeid• Legge til rette for at alle kan delta• Bruker aktivitetsskalenderen til kommunen• Har gode møteplassar i og på tvers av bygdene
Kva gjer kommunen (organisasjonen)	<ul style="list-style-type: none">• Tilbyr gratis lokale til lag og organisasjonar• Frivilligsentralane som bindeledd mellom det offentlege og frivilligheita• Informerer og hjelper frivilligheita med søknadar om eksterne tilskot• Inviterer til årleg frivilligforum• Deler ut kulturmidlar etter søknad. Lag som tilbyr aktivitet for barn og unge blir prioritert

6. Frivilligsentralane



Saman skaper vi gode og inkluderande lokalsamfunn!

Frivilligsentralane skal stimulere til frivillig innsats, vere opne møteplassar for innbyggjarane og vere eit bindeledd mellom kommunen og frivilligheita. Sentralane skal legge til rette for etablering av møteplassar og vere ein støttespelar for frivillige lag og andre som ynskjer det.

Fjord kommune har to frivilligsentralar, ein i Stordal som er samlokalisert med ungdomsklubben i Stordal næringsbygg og ein i Valldal som er knytt til biblioteket på rådhuset. Sentralane skal ha eit rådgjevande organ som kan påverke drifta av sentralane, der frivilligheita er representert.

Frivilligsentralane har møteplassar for innbyggjarar i alle aldrar og ulike målgrupper, med aktivitet både i egne lokale og elles i kommunen. Her kan vi nemne småbarnstreff, dametreff, herreklubb, Kviss på dagtid, Seniornett, naturmøteplassen og Ope hus i Eidsdal.

Nokre av aktivitetane er i regi av sentralane og andre er i samarbeid med, eller i regi av, frivillige organisasjonar eller andre einingar i kommunen.

Avgrensingar:

Frivilligsentralane skal ikkje utføre lovpålagte oppgåver eller gå andre verksemdar i næringa.

Frivilligsentraler er mangfoldige møteplasser bygget på frivillighetens premisser og lokale ønsker, ivaretatt av ansatte i samhandling med frivillige, lag og foreninger, næring og kommune.

Norges Frivilligsentraler sin definisjon

Frivilligsentralane	
Slik vil vi ha det	<ul style="list-style-type: none">• Styrke frivillig innsats og frivilligsentralane si rolle• Utarbeide samarbeidsavtalar• Samarbeide med frivilligheita
Kva gjer vi i lag	<ul style="list-style-type: none">• Rekrutterer og følger opp frivillige• Skaper møteplassar• Samarbeider om aktivitet og arrangement
Kva gjer kommunen (organisasjonen)	<ul style="list-style-type: none">• Legg til rette for møteplassar• Låner ut gratis lokale• Driftar utstyrsbase med gratis utlån• Inviterer til årleg frivilligforum• Informerer og hjelper frivilligheita med søknadar om eksterne tilskot• Synleggjering av arrangement via aktivitetskalender på kommunen si nettside og opplevfjord.no

7. Kulturskulen



Alle kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, jf. [opplæringslova §13-6](#)

Kulturskulen skal vere ein berebjelke i det lokale kulturlivet. Ei positiv utvikling av kulturskulen vil vere ein viktig faktor for å oppretthalde og vidareutvikle lokalsamfunnet i Fjord kommune.

Fjord kulturskule si kjerneverksemd er å gi instrumental- og vokalopplæring i musikk og opplæring i dans og biletkunst. Kulturskulen består av tre avdelingar: Stordal, Eidsdal og Valldal.

Kulturskulen bidreg til eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø. Dette vert presisert i [Meld. St 18](#): *Kulturskulen er ein arena der barn og unge får moglegheita til å bli kjende med og lære seg å meistre ulike kunst- og kulturuttrykk. Kulturskulen bidreg til anerkjening, inkludering og meistring. Kulturskulen spelar ei viktig rolle i lokalsamfunnet og fungerer ofte som eit kulturelt ressurscenter i lokalmiljøet.*

Kulturskulen	
Slik vil vi ha det	<ul style="list-style-type: none">• Tilby opplæring innan kulturfag til alle barn og unge som ønskjer dette• Vere eit kulturpedagogisk ressurscenter gjennom tverrfagleg samarbeid og pedagogisk- og kulturelt utviklingsarbeid• Utvikle gode undervisningstilbod i samarbeid med føresette og innbyggjarane elles• Ha styrka fokus på musikk som folkehelseiltak• Vere aktivt ute i lokalmiljøet og bidra på ulike arrangement
Kva gjer vi i lag	<ul style="list-style-type: none">• Samhandlar mellom kulturskule, grunnskule, lag og organisasjonar• Nært samarbeid mellom kulturskule og korpsa, mellom anna når det gjeld dirigenttenester
Kva gjer kommunen (organisasjonen)	<ul style="list-style-type: none">• Utviklar tilbodet med forankring i «Rammeplan for kulturskulen» (breidde-, kjerne- og fordjupingstilbod)• Gir eit variert og tilpassa tilbod til alle som søker• Sørger for nok utstyr, gode lokale og dyktige lærarar• Halde ei rimeleg elevavgift som ikkje skapar sosiale skilnader



Danselevar, kunst frå biletkunst og korpskonsert. Foto: Thea M. Ytterdal og Storfjordnytt

8. Biblioteket



Alle kommunar er pålagt å ha eit folkebibliotek,

og målsettinga er definert i [Folkebibliotekloven §1](#):

«Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.»

Fjord bibliotek består av tre avdelingar: Valldal, Eidsdal og Stordal.

Biblioteket skal vere ein arena for kultur, kunnskap, læring og rekreasjon. Biblioteket er ein viktig møteplass for alle. Biblioteket skal legge til rette for ulike møte med innbyggjarane, både på biblioteket og som oppsøkte verksemd.

Biblioteka er kultur, utdanning og livslang læring, folkehelse og delingsøkonomi, noko som er sentralt i FN sine berekraftsmål og det grønne skiftet.

Biblioteket	
Slik vil vi ha det	<ul style="list-style-type: none">• Eit livskraftig og aktuelt bibliotektilbod som er ei kjelde til informasjon og kunnskap som fremmar danning, utdanning, opplysning og kritisk tenking• Ein open og inkluderande møteplass som er ein stad å vere, ein stad å lære, ein stad å oppleve, ein stad å møtast og ein stad å delta• Tek i vare og utviklar kultur-, historie- og tradisjonsgrunnlaget i kommunen• Eit kompetansesenter for litteratur
Kva gjer vi i lag	<ul style="list-style-type: none">• Utviklar nye tiltak/tilbod gjennom aktivt samarbeid med frivilligsentralane, kulturskulen, skular, barnehagar og andre kommunale einingar• Samarbeider med næringsliv, frivillige lag og organisasjonar
Kva gjer kommunen (organisasjonen)	<ul style="list-style-type: none">• Tilbyr ein trygg, gratis og uforpliktande møteplass• Legg vekt på mangfald og integrering• Har tilbod om digital kompetanse, studierom og gjeste-pc• Gir gode leseopplevingar, fremmar leselyst og lesedugleik• Driv aktiv marknadsføring av biblioteket gjennom nettside og sosiale media• Gir nær tilgang til livskraftige bibliotek som har breidde og mangfald i både medietilbod og arrangement

9. Kultur – næring



Eit rikt kulturliv er ein suksessfaktor for at lokalt næringsliv skal lykkast i å rekruttere og halde på arbeidskraft.

Kulturnæringane utgjer ein aukande del av næringslivet i Norge og kan gi synergjar lokalt.

Frivilligheita, næringslivet og kommunen er viktige for kvarandre. Vi har gode tradisjonar for samarbeid som har skapt aktivitet og framtidsretta tilbod. Eksempel på dette er mellom anna idrettshallane, Givarglede og Supersommar.

Vi viser elles til [Strategisk næringsplan for Fjord kommune](#).

Kultur - næring	
Slik vil vi ha det	<ul style="list-style-type: none">• Kultur skal vere ein viktig faktor i næringsutviklinga• Næringsutvikling og kulturhistorie må gå hand i hand• Utvikle kulturprosjekt som bidreg til bulyst og gjere kommunen attraktiv som reisemål• Kulturfond til arrangement
Kva gjer vi i lag	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeider i planprosessar• Marknadsføring via nettportalen opplevfjord.no
Kva gjer kommunen (organisasjonen)	<ul style="list-style-type: none">• Målrretta bruk av strategisk næringsplan• Tilskot til næringsføremål• Profilerings og marknadsføring av kommunen



Møbelhistorisk vandring i Stordal 2022. Foto: Bjørg Jacobsen

10. Integrering og mangfald



Tilflyttarar tar med seg sine interesser og erfaringar og representerer eit mangfald som er viktig for eit godt lokalsamfunn.

Det må leggest til rette for at dei blir inkludert og kan delta i kulturlivet og lokalsamfunnet elles.

Fjord kommune tar imot flyktningar og vi vil legge til rette for at flyktningane vert naturleg integrerte i kommunen sine kulturtilbod og i frivillige lag og organisasjonar, på same måte som andre tilflyttarar og arbeidsinnvandrarar.

Vi veit at musikk ikkje kjenner grenser, og dans treng ikkje ord. Kulturaktivitetar er inkluderande, og er eit positivt verkemiddel i arbeidet for å skape eit samfunn med mangfald.

Det er også viktig å legge til rette for at alle, uansett utgangspunkt eller funksjonsevne, skal kunne ta del i kulturlivet og lokalsamfunnet.

Fjord kommune har Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet er høringsinstans i kommunale saker.

Integrering og mangfald	
Slik vil vi ha det	<ul style="list-style-type: none">• Trygt og godt lokalsamfunn prega av trivsel og fellesskap• Alle skal kjenne at dei høyrer til i lokalsamfunnet• Kulturutveksling gjennom ulike arenaer
Kva gjer vi i lag	<ul style="list-style-type: none">• Legg til rette for at alle får ta del i kulturlivet• Informerer om ulike møteplassar og aktivitetstilbod• Skaper gode møteplassar
Kva gjer kommunen (organisasjonen)	<ul style="list-style-type: none">• Drift av nettportalen opplevfjord.no• Tilbyr møteplassar som ungdomsklubb, bibliotek, idrettshallar• Tilbyr tilpassa aktivitet i via frivilligsentral, flyktningtenesta, Glimt aktivitetssenter og kulturskule

11. Seniorar



I kommunen vår vil det bli stadig fleire eldre. Seniorar er ein stor ressurs som er med på å skape aktivitet og møteplassar i regi av lag og organisasjonar eller som enkeltindivid.

Den kulturelle spaserstokken er ei ordning der kommunen søker om midlar til profesjonell kunst- og kulturformidling tilpassa eldre. I Fjord kommune har vi kulturtilbod på institusjonane, samt at midlar blir tildelt pensjonistlaga og til markering av eldredagen.

[Leve heile livet](#) er ei kvalitetsreform for eldre. Reforma skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger og vere trygge på at dei får god hjelp når dei har behov for det.

Fjord kommune har laga eigen [handlingsplan for Leve heile livet](#) som inneheld oversikt over ulike aktivitetar for målgruppa.

Eldrerådet i Fjord kommune er høyringsinstans i kommunale saker.

Seniorar	
Slik vil vi ha det	<ul style="list-style-type: none">• Aktive seniorar• Tilpassa kulturelle tilbod til aldersgruppa• Generasjonstreff med kulturutveksling• Gode skysstilbod
Kva gjer vi i lag	<ul style="list-style-type: none">• Aktivitetstilbod, som til dømes digital kompetanse, fysisk aktivitet og kulturelle opplevingar• Årleg Fjordafest med markering av den internasjonale eldredagen
Kva gjer kommunen (organisasjonen)	<ul style="list-style-type: none">• Den kulturelle spaserstokken• Legg til rette for frivillige organisasjonar• Gratis lokaler• Aktivitetstilbod i kommunal regi

12. Kulturbygg og anlegg



Kommunen har ei rekkje kulturbygg og anlegg som tener ulike føremål. Dette er kulturarenaer som gir rom for ulik kulturell verksemd, og fungerer som ein kulturell og sosial møteplass for lokalsamfunnet. Sjå vedlegg 1.

Det finst også mange private kulturbygg og anlegg i kommunen. Sjå vedlegg 2.

Uteområde ved skular og barnehagar er kommunale. Nokre av leikeplassane i kommunen er kommunalt eigd og drifta, og nokre leikeplassar ligg på kommunalt areal men er drifta av velforeningar.

I "Kulturmiljøplan for Fjord kommune 2021-2030" under punkt 7, finn ein i tillegg oversikt over kulturminne som er eigd av private eller stiftingar.

Kommunale kulturbygg og anlegg	
Slik vil vi ha det	<ul style="list-style-type: none">• Lokale og tilrettelagte møteplassar i alle bygder• Funksjonelle og vedlikehaldne kulturbygg og anlegg
Kva gjer vi i lag	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeider om drift og aktivitetstilbod
Kva gjer kommunen (organisasjonen)	<ul style="list-style-type: none">• Tilbyr gratis lokale til lag og organisasjonar• Løyver kulturmidlar• Støttar opp om søkeprosessar til eksterne tilskotsmidlar

13. Valldalsleia og Valldal 2029

Valldalsleia er ei pilegrimslei i Heilag-Olav sine fotspor frå Valldal til Dovre. Valldalsleia vart arbeid fram i samarbeid med kommunane Rauma, Lesja og Dovre, og formelt godkjent som ein del av «Pilegrimsleden» i 2015. Pilegrimsleden har status som europeisk kulturveg. Leia er omtalt på nettstaden pilegrimsleden.no

Nasjonaljubileet Norge i tusen år har valgt Valldal som stoppestad i 2029, for å minnst Heilag-Olav si ferd gjennom bygda. Den nasjonale markeringa Valldal 2029 er basert på temaet Olav i folketradisjonen, og bygg på Olavssegnene knytt til fluktruta.

Valldal 2029 er hovudprosjekt for langsiktig satsing, utvikling og verdiskaping langs Valldalsleia. Prosjektet bygg på forprosjekt 2018-2019 og har som målsetting å utvikle pilegrimsleia Valldalsleia til å bli eit fullverdig opplevingskonsept som vi kan vise fram til heile Norge og verda under nasjonaljubileet i 2029, og at dette gjev auka lokal verdiskaping.

Hovudprosjektet Valldal 2029 vert drifta av Fjordhagen på vegner av kommunen.

Prosjektet er også forankra hos Møre og Romsdal fylkeskommune ved satsinga Ein bit av historia og tettstadutviklingsprosjektet, Nasjonaljubileet Norge i tusen år, lokale næringsaktørar, dei regionale pilegrimssentra Dovrefjell og Smøla, Nasjonalt pilegrimssenter, Sunnmøre Museum.

14. Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv



Det er krav om ein kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for å kunne nytte spelemiddelordninga.

Fjord kommune har eit rikt idrettsliv og dette er eit godt utgangspunkt for fysisk aktivitet og friluftsliv.

Tilrettelegging for fysisk aktivitet er kanskje det viktigaste og samfunnsøkonomiske beste offentlege bidraget til folkehelsa. I tillegg kjem trivselseffekt av natur og moglegheitene for fysisk aktivitet som skaper bulyst i kommunen.

Barn og unge i alderen 6-17 år vert anbefalt å vere i aktivitet minst 60 minutt kvar dag, og aktiviteten bør ha moderat til høg intensitet. Barn og unge bør avgrense tida i ro, særleg passiv skjermtid. Vaksne bør vere aktive i 150 - 300 minutt med moderat intensitet kvar veke. Vaksne bør avgrense stillesitting. [Helsedirektoratet](#).

14.1 Målsetting

- Fjord kommune vil arbeide for å legge til rette gode område og anlegg for å drive variert mosjons-, idretts- og friluftslivsaktivitet der folk bur.
- Fjord kommune vil arbeide for at ein har fysisk aktive innbyggjarar som ser samanhangen mellom kosthald, livsstil og helse.

Delmål

- Målretta og heilskapleg plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- Plan- og målstyrt utbygging av anlegg og tilrettelegging av område for idrett og friluftsliv.
- Plan for friluftslivets ferdselsårer (2023)
- Sikre areal for leik, friluftsliv og idrettsaktivitetar og samordne behova for desse.
- Legge til rette for friluftsliv gjennom merking og rydding av stiar.
- Balanse mellom tilrettelegging og vern av urørt natur.
- Stimulere til samspel mellom frivillige lag, organisasjonar og verksemder i kommunen.

14.2 Økonomi

Spelemiddelordninga er viktig for anleggsutbygginga. For å kunne søke om tilskot gjennom denne ordninga må prosjektet vere med i handlingsprogrammet for spelemidlar. Spelemidlane utgjør 1/3 av godkjent kostnad for ordinære anlegg, men for friluftslivsanlegg og nærmiljøanlegg kan ein få opp til 50 prosent av godkjent kostnad. Eventuell kommunal medverknad vert behandla av kommunestyret. Sjå vedlegg 3 for oversikt over tiltak og bygg som har fått spelemidlar.

Det er også eigne ordningar som gjeld spelemidlar til idrettsutstyr, midlar til idrettsråd og mva-kompensasjon til frivillige lag og organisasjonar.

Ulike private tilskotsordningar bidreg kvart år med rundt 30 mrd. kr til gode føremål. Tiltak retta inn mot barn og unge vert ofte prioritert.

14.3 Aktivitet

Anleggssituasjonen for idrett og fysisk aktivitet i kommunen er god. Både kommunale og private anlegg bidreg til mykje aktivitet året rundt. Naturen rundt oss gir gode høve for fysisk aktivitet og eit variert friluftsliv, noko som legg til rette både for organisert og eigenorganisert aktivitet.

Frivillige lag og organisasjonar står bak dei fleste aktivitetstilboda i kommunen og idrettslaga spelar ei sentral rolle. Mykje av aktiviteten er i organisert form, mellom anna i skiløypene, på fotballbana, i bassenga eller andre stadar. Idrettslaga legg også til rette for eigenorganisert aktivitet, ved å tilby preparerte skiløyper og turstiar med trimpostar. I tillegg tilbyr andre lag varierte aktivitetar som dans, klatring, buldring, skyting, trial, Taekwon-do og anna.

Det kjem også stadig nye tilbod på plass i regi av næringslivet: Aktivitetspark, bowling, kajakk, rafting, klatring er døme på dette.

Det er god samhandling mellom idrettsråd og kommune og det er undertekna samarbeidsavtale.

Kommunen står også bak ulike aktivitetstilbod, til dømes sommaraktivitetstilbodet Supersommar, som er eit samarbeid mellom kommunale einingar, frivilligheita og næringslivet.

Naturmøteplassen er eit samarbeid mellom frivilligsentralen, frivillige vertar og Sunnmøre friluftsråd. Friluftsrådet står også bak turtrimmen Stikk UT! og samarbeider med kommunen og frivillige medhjelparar om 30 turmål i Fjord kommune. Stikk UT! bidreg til stor aktivitet i heile fylket vårt.

Det er mange små og store arrangement med fokus på fysisk aktivitet i Fjord. Arrangementa er bygd på frivillig innsats, skaper fellesskap og set lokalsamfunnet på kartet.

Å ta vare på eldsjelene og legge best mogleg til rette for frivilligheita er ei stor utfordring i tida framover.

14.4 Handlingsprogram for 2021-2025

Handlingsprogrammet for Fjord kommune, er basert på det Norddal og Stordal kommune kvar for seg hadde i sine program. Fjord har mange gode anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, i tillegg til kulturbygg.

Etterkvart som anlegga får tilsegn på spelemidlar fell dei ut av handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet er omfattande både på kort og på lang sikt. Det meste av dette gjeld nye anlegg, men også rehabilitering.

Fleire av dei tidlegare innspela har kome som eit ønskje, og ikkje alltid med ein konkret plan om realisering. Difor inneheld det uprioriterte handlingsprogrammet ei rad framlegg til anlegg eller tiltak som kan kome ein gong i framtida. Men når anlegget står på den uprioriterte lista er det ein kortare veg til realisering, og så snart søknaden om spelemidlar er innsendt vil tiltaket bli flytta opp til prioritert handlingsprogram.

Prioriteringsrekkefølga mellom dei ulike tiltaka/anlegga der søknad er innsendt, blir avgjort i samband med den årlege rulleringa av delplanen, som er ei politisk sak. Her har idrettsrådet høve til å kome med uttale.

Nærmiljøanlegg

Anlegg eller områder tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg i tilknyting til bo- og/eller opphaldsområde. Områda skal vere fritt allment tilgjengelege, primært for barn og unge, men også for lokalbefolkninga elles. Nærmiljøanlegg kan lokaliserast i tilknyting til skule- og/eller idrettsanlegg.

Ordinære anlegg

Anlegg som kan søkje om ordinære spelemidlar, desse er hovudsakleg nært knytt til konkurranse- og treningsverksemd for den organiserte idretten.

Prioriteringsrekkefølga mellom dei ulike tiltaka/anlegga der søknad er innsendt, blir avgjort i samband med den årlege rulleringa av delplanen. Her har idrettsrådet høve til å kome med uttale.

Prioritert handlingsprogram for spelemidlar blir rullert kvart år og ligg ved som eige vedlegg til denne planen. Sjå vedlegg 4.

15. Handlingsplan kulturplan 2023-2031

Tiltak	Når	Ansvar
Kulturteam-møte	Kvar måned	Koordinator kultur
Frivilligforum	Årleg	Frivilligsentralane
Supersommar	Sommar	Frivilligsentralane
Leve heile livet – ein «levande» plan	2022-2023	Frivilligsentral/folkehelse/kommunalsjef helse/omsorg/velferd
Samarbeid med frivillige lag om tiltak/aktivitetar	Kontinuerleg	Frivilligsentralane
Den kulturelle spaserstokken	Kontinuerleg	Frivilligsentralane
Den kulturelle skulesekken	Kontinuerleg	Kulturskulen
Kulturmidlar	Årleg	Kulturkonsulent
Kulturpris og kulturstipend	Årleg	Kulturkonsulent
Ung kunst og kultur-samarbeidsavtale	2022-2026	Koordinator kultur
Drift av nettportalen opplevfjord.no	Kontinuerleg	Fjordhagen/kommunen
Drift av Stordalshallen og Martin Linge-huset	Kontinuerleg	Driftskoordinatorane
Utstyrbasen - utlån	Kontinuerleg	Frivilligsentralane
Synleggjering av arrangement via aktivitetskalender på nettsida	kontinuerleg	Arrangør må sende inn/kommunen legg på kalender
MOT – kommune		Oppvekst
Saksbehandling spelemidlar	Årleg	Kultur/folkehelse
Stikk UT! -turmål	Sommar og vinter	Kultur/folkehelse
Friluftslivets ferdselsårer-temaplan	2023	Folkehelse
Valldal 2029	Kontinuerleg til 2029	Fjordhagen

16. Vedlegg

Vedlegg 1 – Kommunale kulturbygg og anlegg

Vedlegg 2 – Private kulturbygg og anlegg

Vedlegg 3 – Oversikt over tiltak og bygg som har fått spelemidler

Vedlegg 4 – Prioritert handlingsprogram for spelemidler 2023

17. Kjelder

[Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2033](#)

[FNs berekraftsmål](#)

[Kulturlova §1 \(2007\)](#)

[folkehelselova](#)

[Folkehelseoversikta for Fjord kommune](#)

[MOT-kommune](#)

[Fritidserklæringen](#)

[Frivillighetsregisteret](#)

[Statistisk sentralbyrå](#)

[Norges Frivilligsentraler](#)

[opplæringslova §13-6](#)

[Meld. St 18](#)

[Folkebibliotekloven §1](#)

[Strategisk næringsplan for Fjord kommune](#)

[Leve heile livet](#)

[handlingsplan for Leve heile livet](#)

[pilegrimsleden.no](#)

[Helsedirektoratet](#)

Framsidedfoto: Bjørg Jacobsen, Kristi Linge Stakkestad, Eidsdal IL, Storfjordnytt